

Årdal - Lærdal – Aurland



Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid

mellom kommunane

Årdal, Lærdal og Aurland

om

felles landbrukskontor

Årdal kommune – KS 20.5.2021 – KS-024/21
Lærdal kommune – KS 29.4.2021 – KS-021/21
Aurland kommune – KS 29.4.2021 – KS-018/21

Avtaleperiode: Frå 1.1.2021

Innhald

1. Heimel	3
2. Deltakarar – lokalisering	3
3. Oppgåver og føremål	3
4. Delegasjon	4
5. Rutinar for sakshandsaming og dokumenthandtering	4
6. Økonomisk fordeling og oppgjer mellom deltakarkommunane	4
7. Administrasjon – personale	5
8. Oppløysing og avvikling av samarbeidet	5

1. Heimel

Vertskommuneavtalen er inngått i medhald av *Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)* § 20-2.

2. Deltakarar – lokalisering

Føreliggande avtale er inngått mellom

Årdal kommune
Lærdal kommune
Aurland kommune

Vertskommune: Lærdal kommune

Samarbeidskommunar: Årdal kommune og Aurland kommunar

Namnet på samarbeidet: **Felles Landbrukskontor ÅLA**

Felles Landbrukskontor ÅLA er lokalisert i Lærdal rådhus, med eige kontor i Aurland rådhus. Kontoret i Aurland skal vera bemanna mist ein dag pr veke. Det er ikkje faste kontordagar i Årdal kommune.

3. Oppgåver og føremål

Avtalen gjeld samarbeid mellom kommunane om utføring av kommunale oppgåver knytt til landbruksforvaltninga i kommunane.

Felles Landbrukskontor ÅLA skal tilby betre teneste samla, enn kva kommunane klarar kvar for seg.

Felles Landbrukskontor ÅLA skal gje råd, rettleie og informere gardbrukarane og publikum, delta i planprosessar, gje uttale, handsame og ta avgjer i saker innanfor landbrukskontoret sitt ansvars- og arbeidsområde, jf. nedanfor.

Regleverksforvaltning

Saker etter fylgjande lover med forskrifter, skal handsamast av Felles Landbrukskontor ÅLA

- Konsesjonslova
- Jordlova
- Skogbrukslova
- Viltlova
- Hundelova
- Forureiningslova
- Lov om forpakting
- Motorferdslelova
- Naturmangfaldslova
- Beitelova

Omfanget av delegert avgjerdssrett i særlovsaker, går fram av kommunane sitt delegasjonsreglement.

Tilskotsforvaltning

Saker etter fylgjande tilskotsordningar skal handsamast av Felles Landbrukskontor ÅLA:

Sentrale ordningar

- Produksjonstilskota
- Ferie- og fritidsavløysing

- Sjukeavløysing
- Regionalt miljøprogram (RMP-mildar)
- Organisert beitebruk
- Tilskot frå Innovasjon Norge
- Smil-midlar
- NMSK-midlar
- Skogfond
- Tiltak i beiteområde
- Utvalde kulturlandskap
- Verdsarvmidlar

Lokale ordningar

- Vilt- og fiscefondsmidlar
- Søknad om tilskot til jordbruksformal frå kommunalt næringsfond

Andre oppgåver

- Rettleie og informere generelt innanfor fagområdet landbruk
- Utføre statistikk (KOSTRA) og rapportering innanfor fagområdet landbruk
- Kommunalt ansvar innanfor fagområdet for klima- og miljøretta arbeid som gjeld landbruksforvaltning
- Kommunal veterinærkvert for Årdal, Lærdal og Aurland

4. Delegasjon

Delegering av fullmakt til å ta avgjer og fatte vedtak på vegne av dei tre kommunane, er nedfelt i kommunane sitt eige delegeringsreglement.

5. Rutinar for sakshandsaming og dokumenthandtering

Alle politiske og administrative vedtak som gjeld kvar einskild samarbeidskommune, skal handsamast og arkiverast i den kommunen saka gjeld.

Felles Landbrukskontor ÅLA skal forholda seg til dei tre kommunane sine arkivplanar, skriveregular, rutinar for sakshandsaming og rutinar for dokumenthandtering.

Dei tre kommunane har ansvar for at dei tilsette ved landbrukskontoret har tilgang til kommunane sine datanettverk og dataverktøy, for å utføra avtalt arbeid.

6. Økonomisk fordeling og oppgjer mellom deltakarkommunane

Alle som jobbar på Felles Landbrukskontor ÅLA er tilsett i Lærdal kommune. Løn og andre driftsutgifter ved kontoret er budsjettert på funksjon 32504 – Landbrukskontor.

Fordelingsnøkkelen for kostnad:

Årdal kommune	16%
Lærdal kommune	54%
Aurland kommune	30%

Verstkommenen sender refusjonskrav til deltakarkommunane i samsvar med fordelingsprosent. Refusjonskrav skal ettersendast etterskotsvis pr 10.7 og 10.1.

Vertskommunen dekka kostnad med drifta av kontorlokal til Felles Landbrukskontor ÅLA. Aurland kommune dekka kostnad med drift av eit kontor i Aurland rådhus.

Verdsarv og utvalde kulturlandskap (UKL)

Nye og omfattande arbeidsoppgåver for kontoret frå 1.1.2020 er forvaltning av verdsarvmidlar og UKL-midlar. Løn og driftsutgifter for dette arbeidet er budsjettert på funksjon 32907 – *Verdsarv og UKL*.

Fordelingnøkkel for kostnad:

Lærdal kommune	25%
Aurland kommune	75%

Dei andre verdsarvkommunane skal bidra med finansiering av forvaltning av verdsarvmidlane i samsvar med eigen avtale inngått med Aurland kommune.

Refusjonskrav skal ettersendast etterskotsvis pr 10.7 og 10.1.

7. Administrasjon – personale

Rådmannen i Lærdal kommune har det øvste administrative ansvaret for Felles Landbrukskontor ÅLA. Eventuell endring i fast bemanning må godkjennast av dei to andre kommunane.

Det skal vera ein leiar for tenesta som har det administrative og faglege ansvaret for avtalt arbeid, jf pkt 4.

8. Opplysing og avvikling av samarbeidet

Det gjeld ein oppseiingsfrist for avtalen på 1 - eitt år - mellom partane.

Samarbeidsavtalen skal evaluerast ved behov, og ved ynskje får ein av samarbeidskommunane. Verstkommenen har ansvar for at slike møte vert arrangert.

Avtalen er utskriven i 3 eksemplar, eit til kvar av partane.

Lærdal

Årdal kommune

Lærdal kommune

Aurland kommune